



Reiner Strauss klår for returen til Nederland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utlendingane plar gjerne klaga over at det er dyrt i Noreg, men det var ikkje tilfelle med skippar Reiner Strauss frå Düsseldorf i Tyskland då han var innom Uskedalen med skarpseglaren Cloud.

Han var gledeleg overraska over prisane våre, ikkje minst samanlikna med erfaringane for 25 år sidan då han sist var innom landet vårt.



Cloud forlet Uskedalen torsdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som eit døme trakk han fram kva det kostar å liggja med båten ei natt i båtlaget si hamn. Prisen er 150 kroner medan han i 'heimehamna' til båten i Fleeland i Nederland må punga ut med 360 kroner.

Eit anna døme var at han hadde kjøpt fem kilo torsk av ein fiskar på Fitjar for 180 kroner. Det tykte han var rasande billeg.

- Eigentleg satsa vi på å skaffa fisk sjølve, men vi hadde ikkje lukka med oss. Vi satsar på betre fangstar på turen tilbake, sa skipparen.

- I tillegg til dei hyggelege prisane må du få med at vi har møtt berre hyggelege folk her i landet og at naturen er fantastisk. Vi er svært godt nøgde etter opphaldet i Noreg, sa Reiner før han torsdag føremiddag kasta loss samaan med dei to kompisane sine og sette kursen mot Espevær.

Som tyskarar flest hadde han ruta for returen klinkande klar: Espevær-Skudesneshavn-Kvitsøy-Egersund-Farsund-Nederland!

Då tyskarane kom, sigla dei direkte frå Nederland til Bergen på tre døgn og undervegs til Uskedalen var dei innom Fitjar og Sundal.

Av Ola Matti Mathisen